



VOLDA
KOMMUNE
Mork barnehage

INFORMASJON

Mork barnehage



2023-2024

Ansvar- omsorg- glede

Hei!

Mitt namn er Nina Vedeld Telseth og eg er styrar i Mork barnehage. Eg vil med dette ynskje deg velkomen til Mork barnehage. Eg ser fram til godt og konstruktiv samarbeid kring barnet dykkar og håpar de vil oppleve oss som ein imøtekomande, morosam, kreativ og lærerik barnehage. Om det er noko de lurar på, noko som er bra eller mindre bra, så håpar eg du fortel det til oss- slik kan vi alltid verte betre og kunne gi det beste av det beste til alle barna i barnehagen vår.

Dette informasjons-skrivet vert sendt til alle foreldre og fortel kven som arbeider i barnehagen, kva ein må ha med, dagsrytme og naudsynt informasjon ein treng før nytt og gjennom eit barnehageår.



Innhald:

- 1. Litt om Mork barnehage**
- 2. Opningstid, adresse, telefon**
- 3. Planleggingsdagar.**
- 4. personale og barnegrupper 2023/2024 s. 4-6**
- 5. Kva må barnet ha i barnehagen s.7**
- 6. Organisering av kvardagen s. 7-8**
- 7. Når barnet er sjuk 8**
- 8. Levering og henting av barn**
- 9. Mat i barnehagen s.9**
 - Gebursdag-feiring**
 - Mat intoleranse/ allergi.**
- 10. Medisin, salve**
- 11. Leiker**
- 12. Teieplikt**
- 13. Politiattest**
- 14. Ressursteam, samarbeid med ulike fag-instansar.**
- 15. Informasjon om barnet som vi treng s.10**
- 16. Dokument i barnehagen s. 11**
- 17. Foreldresamarbeidet og kontakt s. 12**
- 18. Tverrfagleg samarbeid s. 14**
- 19. Overgongar og samanhengar i barns liv.s.15**

Nyttige lenker

1. Mork barnehage

Mork barnehage er ein 4-avdelingsbarnehage, blåbærtua, tyttebærtua, skogtrolla og solsikka Solsikka har barn i alderen 1-3 år.

Blåbærtua har barn i alderen 1-3 år

Tyttebærtua har barn i alderen 3-4 år.

Skogtrolla 4-6 år held til på loftet,

Barnehagen starta opp i 1989 som ein privat barnehage, Mork stiftelse. 1. august 1999 tok Volda kommune over drifta av barnehagen.

Sjå heimeside: <https://www.volda.kommune.no/mork-barnehage/>

2. Opningstid/Adresse/Telefon

Nytt barnhageår startar 1.august, men vi har ferieavvikling i veke 31. Difor har vi oppstart med nye avdelingar og rett personale f.o.m. tysdag i veke 32. Måndag den 7.august er barnehagen stengt grunna planleggingsdag.

Sjå vedtekter [vedtekter kommunal barnehage](#)

Opningstid: 0730-1630.

Adresse: Mork barnehage, Morkavegen 54, 6105 Volda

Telefon kontor: 70 07 77 90/ 97966527 /90 64 34 72

90 04 27 09 Tyttebærtua

90 55 26 43 Skogtrolla

48 29 88 21 Blåbærtua

48 23 53 17 Solsikka

E-post: styrar.mork@volda.kommune.no

3. Fagdagar/ Planleggingsdagar

Vi har 5 fagdagar i løpet av barnehageåret. Då er barnehagen stengt. Her er planleggingsdagane for barnehageåret 2023-2024

- 7.august 2023
- 18.august 2023
- 4.oktober 2023
- 19.februar 2024
- 10.mai 2024

4. Personale og barnegrupper

SKOGTROLLA:

Therese Volle Lødemel: Ped.leiar

Mari Kvien: Barnehagelærer

Martin Endal: Assistent

Marianne Ørstavik: Assistent

1	Elea Celine Emblem Bjerkvik	22.01.2018
2	Storm Andre Strand	13.02.2018
3	Mathias Høydalsvik	24.02.2018
4	Olivia Kolltveit Dimmen	14.03.2018
5	Hana Selemun Rezene	05.05.2018

6	Malene Bjerkvik Brune	05.06.2018
7	Vilde Lid Skorstad	16.06.2018
8	Reidar Gjersdal	24.11.2018
9	Tobias Eliassen Vadstein	08.11.2018
10	William Velsvik Henriksen	07.01.2019
11	Henry Engjaberg Monsholm	16.01.2019
12	Hugin Tobias Wiik Løvik	27.07.2019

TYTTEBÆRTUA :

Marie Lyshagen: Ped.leiar

Thomas Weberg: Barnehagelærer

Mari Kvien: Barnehagelærer

Karoline Røyrhus: Barne og ungdomsarbeider

Sonja Helen Øye: Assistent

1	Ivan(Vania)	09.03.2018
2	Iver Aam Ramstad	15.06.2018
3	Henrik Håskjold Fylling	29.07.2018
4	Edel Vatne Bjerkvik	02.08.2018
5	Nikoline Larsson	25.09.2018
6	Olivia Homberset Otterdal	01.07.2018
7	Julia Haavik Brynjulfsen	24.04.2019
8	Alma Fertig Najdorf	05.05.2019
9	Johan Mork Rebbestad	23.05.2019
10	Leah Sharro	11.11.2019
11	Oliver Lichtenheld	28.12.2019
12	Mykhailo (Misha)	09.01.2020
13	Malin Olsvik Istad	10.04.2020
14	Matheo Eliassen Vadstein	01.05.2020
15	Jasmine Homberset Otterdal	22.06.2020
16	Magnus Engjaberg Monsholm	30.06.2020
17	Oddgeir Gjersdal	30.06.2020
18	Håvard Lillenes Flåskjer	26.10.2020
19	Maria Mårstøl	24.11.2020

AVDELING BLÅBÆRTUA

Silje Helset: ped.leiar

Inger Madsen Barstad: barnehagelærer

Kai Aurstad: assistent

Cecilie Emblem: helsefagarbeider

Rose- Mari Steinholm: helsefagarbeider

1	Vilde Sofie Gamlem	18.02.2021
2	Kornelia Larson SørDAL	18.07.2021
3	Johannes Lid Skorstad	04.05.2021
4	Nikolas Perjord Vartdal	25.06.2021
5	Tiril Høydal Aasen	11.12.2021
6	Mathias leikanger Lea	17.02.2022
7	Eiril Mork Rebbestad	02.07.2021
8	Nora Mork Rebbestad	02.07.2021
9	Aurora Elena M. Madsen	03.03.2022
10	Mille Eikrem Egset	29.07.2022
11	Storm Wollmann Højsted	30.08.2022
12	Signe Gjersdal (byrjar januar 2024)	23.08.2022

AVDELING SOLSIKKA;

Kim Vangen: ped.leiar

Frøydis Håskjold Sæbø: barnehagelærer

Karianne Olsen: barnehagelærer

Sunniva Ulstein Kayser: musikkterapeut

Monica Blomberg: assistent

Bjørnar Holen: barne og ungdomsarbeider

1	Ilia Kristin Wiik Løvik	01.01.2021
2	Amund Lia Evenstad	18.03.2021
3	Harald Jackson Strand	03.09.2021
4	Aurora Elise Pettersen	05.05.2021
5	Betlehem Selemun Rezene	27.08.2021
6	Helena Håskjold	09.09.2021
7	Leah Høydalsvik	26.10.2021
8	Selma Weberg	02.02.2022
9	Amelie Diana Steinnes	11.02.2022
10	Ellinor Eleah Vatnehol Bjørnsgård	01.03.2022
11	Jonas Kolltveit Dimmen	12.05.2022
12	Jessica Homberset Otterdal (byrjar nov)	07.11.2022

Vikarar i barnehagen

- Britt Volle
- Yousra Alawad
- Mathea Belt
- Wouroud Aljasem

5. Kva må barnet ha med i barnehagen ?

- Smukk, flaske, koseklut o.l dersom barnet brukar dette.
- Frukost, mjølk får dei i barnehagen. Dersom barnet fortsatt et graut til frukost kan de ta med ein grautpakke som vert ståande i barnehagen. NB! Hugs å skrive namn på pakken.
- Bleier, salve, solkrem, ekstra kle, sko og klede til å vere ute og ev. anna utstyr som barnet er avhengig av. Vi ynskjer at barna er smurt med solkrem før det kjem i barnehagen, nå det er solrike dagar.
- Dei som søv må ha med eiga vogn inkl. myggnett, sele og regntrekk.
(NB!! Vi må ha vogner med funksjonelle selar som er lette å feste. Det er føresette sitt ansvar halde vogn og utstyr reint. Ein må sjå til at vogna til ei kvar tid er tilpassa barnet
- Klede til alle slags ver.
- Ekstra varme klede som skal ligge i korg.
- Klesskift. 2 ekstra skift bør alltid vere sekken.

NB! Alt utstyr til barnet skal vere godt merka! Dette gjeld t.d. solkrem, kle, solbriller, koseklutar, smukk. Det som ikkje er merka, vert kasta etter ei tid/ ev. gitt til Fretex.

"Genser-snorer" og smykke rundt halsen er ein potensiell kvelingsfare. Mange barn har opplevd å nesten bli kvelt på grunn av slike snorer og kjeder. Foreldre har ansvar for at slikt "ekstrautstyr" er fjerna før barnet kjem i barnehagen.

6. Organiseringa av kvardagen.

Vi deler barna inn i mindre grupper i kjernetida (9.30-14.30). Mål for gruppedeling:

- Gjere det lettare for kvart einskilt barn å delta aktivt
- Leggje til rette forholda for at den vaksne kan vere lydhør ovanfor barn.
- Få gode samtalar og samspel-situasjonar.
- Nære vaksne/ kontaktperson gjennom heile barnehagetida.
- At barn skal få auka positiv gruppekjennsle.
- At barn skal få tilrettelagt samlingar, turar og temaarbeid i høve alder.
- Forsterke, etablere vennskap.

I barnehagen skal vi skape tid og rom for å lytte og samtale. Difor vil vi jobbe i mindre grupper og sette av tid til undring og samtale saman med borna. Målet vårt er at alle born skal få muligheter til å "setje spor".

Vi har ein dagsrytme, og den er viktig del av det pedagogiske arbeidet vårt. Det at barna veit kva som skal gå føre seg og kjenner att situasjonen, skaper tryggleik og trivsel hjå barna. Ein fast dagsrytme er til hjelp, men vi må vere fleksible, vurdere tidspunkt og aktivitetar ut ifrå barna sin situasjon. Dagsrytmen er lagt opp slik at barna får høve til leik/ arbeid både individuelt og i grupper. Barna skal også få variasjon mellom det å vere ute og inne. **Viktig alle born er komne til kl. 09.30. Om borna kjem seinare, har dei ofte større vanskar med å kome inn i leiken/tilpasse seg dagen. Om borna er fri eller kjem seinare så gi beskjed til bh. Før 9.30.**

Klokka	Kva	Kva skjer
0730	Barnehagen opnar	Barn og personale vaskar hender når ein kjem til barnehagen Vi møter born og foreldre i yttergarderobe for å utveksle informasjon. Vi legg opp til roleg leik/aktivitet. Barnet i fokus.
Mellom 730-9.30 Informasjon frå avdelingar, då tider her er ulikt	Frukost	Barna et matpakke til frukost.
ca. 0915 1040	Tilrettelagde aktivitetar, turar Samlingsstund. Uteleik	Barnegruppa vert delt i grupper for å møte barna sine behov og føresetnader på ein betre måte. Aktivitetar i høve vekeplan Gruppene er frå 9.30- 14.30
1100	Måltid	Før alle måltid i barnehagen er det handvask Vert servert i porsjonar. Borna ar faste plassar ved måltidet. Skiver (heimebaka/kjøpt), grynblending, knekkebrød og min. ein gong i veka; varmt måltid,
1130	Stell for dei minste	Etter maten vaskar vi hender. Dei yngste går på badet og skifter bleier. Dei som vil, får sitje på potte eller do. Deretter er det kvile/ leik inne el. ute.
1145	Garderobe aktivitet Påkledning/ Toalett	Vi legg fram klede etter vêrforhold, og barna prøver etter beste evne å kle på seg sjølv. Vi vaksne legg til rette, oppmuntrar og hjelper barna i denne prosessen.
1200	Leik inne/ ute	Vi er ute kvar dag, uansett ver min. 2 timar. Rolege aktivitetar inne. Alle barn er på tur ut av barnehagen min. ein gong i veka.
1400	Lett måltid	Barnehagen serverer frukt, brød el.knekkebrød
1430	Frileik	Etter maten er vi ute eller inne. Leik på avdelinga
1630	Bhg stenger	16.15: Rydding/ kosting i garderobe og på avdeling.

7. Når barnet er sjuk

Ta kontakt med barnehagen dersom barnet vert heime. Meld dette inn i Edlevo før 9.00, så kan vi nytte personalbehova der det er behov

Dersom barnet er sjuk må barnet være heime. Ved oppkast/ diarè er vi strenge og held 48-timars regel. (Det skal vere 48 timar frå barnet sist hadde diarè/ oppkast til ein kan kome i barnehagen)

Dersom barnet vert sjukt i løpet av dagen, vil vi ta kontakt med føresette. Barnet må då hentast heim snarast. Gi derfor beskjed om de ikkje er å treffe på dei telefonnummera som er oppgitt i barnehagen.

Om de som foreldre er sjuke, så må de få nokon annan til å levere barnet i barnehagen dette grunna fare for smittespreiing. Dei tilsette kan også verte smitta/sjuke. I periodar kan fleire på same avdeling verte sjuke samstundes. I slike høve må ein vere budd på at barnehagen må skjerpe rutine i høve smittevern. Sjå smitterettleiar

<https://www.udir.no/smittevernveileder/barnehage/>

8. Levering og henting av barna

Når dykk kjem/går – **lat att porten!** Barna kan lett springe ut på parkeringsplassen dersom den ikkje er igjen.

Parker ikkje rett framfor porten, stopp motoren. Unngå å parker inn andre sine biler. Anbefaler/ om det er høve å parkere andre plassar enn nedsida av parkeringsplassen (her parkerer personalet)

Dersom ikkje anna er avtalt er det dykk foreldre/føresette som skal hente barna. Vi har ikkje lov til å gi ut barna til andre dersom dette ikkje er avtalt på førehand. Søsken over 12 år kan hente søsken, men då vil vi ha det skrifteleg.

Når foreldre er i barnehagen er de ansvarleg for egne barn. Døme : levering/ henting/ sosiale arrangement/ dugnader osv. Er du på foreldresamtale har vi ansvaret.

Vis respekt for barnehagens opningstid. 0730-1630. Klokka 16.30 vil dørene bli låst i barnehagen. Om du går ut ytterdøra etter 16.30, skal personalet ha overtidsbetaling. De vil då som foreldre få auka betaling for barnehagetilbodet.

Klatre ALDRI over gjerdet når du skal hente barnet ditt. Dette gir feil signal til borna. Lat ikkje borna gå ut av porten åleine før du er klar til å fylgje barnet.

9. Mat i barnehagen,

Barnehagen held mat i barnehagen unntatt frukost. Frukost er mellom klokka 8.00- 9.00. Vi ynskjer barna **har med sunn frukost.**

<https://www.helsenorge.no/kosthold-og-ernaring/kosthold-for-barn-og-unge/mellom-2-og-5-ar/>

<https://www.helsenorge.no/kosthold-og-ernaring/kostrad/helsedirektoratets-kostrad/>

Gebursdag er ei stor hending i barnet sitt liv. I barnehagen gjer vi naturlegvis stas på barnet. Vi lager bursdags-krone, syng og "skyt opp" rakettar for barnet. Barnet treng ikkje **ta med mat** til feiringa då barnet som har bursdag får velge

ut ifrå bursdagsmeny som finnast på kvar avdeling. Avdelinga gjer avtale med kvar einskild om når feiringa i barnehagen skal vere og barna.

Bursdagsinvitasjonar: om ein skal be berre nokre av dei borna som er like gamle som gebursdagsbarnet, så får ein ikkje dele ut invitasjonane i hylla til barna i barnehagen. Skal ein dele ut gebursdagsinvitasjonar i barnehagen, så må ein be heile årskullet til gebursdagsbarnet.

Barn med mat-intoleranse, allergi: Føresette må levere skrifteleg melding til pedagogiske leiar om det er noko mat barnet ikkje skal ha/ ikkje toler i barnehagen. Vi ynskjer å legge fokus på kva barnet kan ete. I barnehagen har vi ein infoperm på kjøkkenet der slike skriv frå føresette vert lagt, for å kunne informere personal/ vikarar om endringar. Spesialkost vil barnehagen så langt som råd ha tilgjengeleg.

10. Medisin, salve.

Om barnet skal ha medisin, påsmurd salve i barnehagen, må føresette fylle ut medisinerings skjema og levere barnehagen. Vi ynskjer og i tillegg legeerklæring på dette om det er i stort omfang over tid.

11. Leiker

Barnehagen held leiker og leikeutstyr. Barnet skal ikkje om å ta med private leike saker til barnehagen. NB! Dette gjeld også lepesyl o.a. Om ein har leiker ein ynskjer å gi bort, så ta kontakt med styrar.

12. Teieplikt

Alt personale har teieplikt. Dette gjeld også dei som er vikarar, studentar og andre som er i barnehagen i kortare periodar.

13. Politiattest

Alle som arbeider i barnehagen skal levere politiattest, barnehagelova § 19. Formålet med ein slik attest er å sikre barna mot overgrep i barnehagen. Studentar og vikarar må også levere politiattest.

14. Ressursteam, samarbeid

Barnehagen har klare rutiner for handtering av det barna fortel, gjer, adferd o.a. og som kanskje bekymrer oss personale. Slike saker vert tatt opp med styrar som vil kalle inn til foreldresamtale eller ved mistanke om vold, melde saker inn til barnevernet

15. Informasjon om barnet som vi treng

Om foreldre til barnet skil seg, eller ein kjæreste flyttar inn/ut av heimen, eller det skjer hendingar i nære relasjonar til barnet eks. dødsfall o.a., så håpar vi dette meldast frå om til pedagogisk leiar eller styrar. Det er viktig de som foreldre snakkar med barnet dykkar om kjensler og om kvifor ting skjer som det gjer. Vi i barnehagen ynskjer å vere tett på og forstå barnet og vere nær, til støtte når dette er nødvendig. Om ikkje barnet får informasjon om hendingar som berører barnet, så har ikkje vi høve til å vere i forkant og forstå kvifor barnet gjer/ føler som det gjer. Vi ynskjer eit tett og nært foreldresamarbeid og set pris på om de tek ein telefon, kjem innom kontoret m.m. om det skulle vere noko. Svar frå brukarundersøkinga i november/ desember er nyttig verkty i det organisatoriske og pedagogiske utviklingsarbeidet til barnehagen. Vi set STOR pris på tilbakemelding.

16. Dokument i barnehagen.

For å kunne legge til rette for barns medverknad, er det nødvendig å legge til rette for fleksible planar. Gjennomføringa av planar må vere så fleksible at det er rom for spontanitet, leik og barns medverknad. Planlegging av gjennomføring og aktivitetar er viktig for å få til ein god barnehage.

Verdiplan Ut ifrå [Lov om barnehagar](#), [rammeplan](#), og [oppvekstplan](#) for Volda kommune, avdeling oppvekst, har Mork barnehage ein verdiplan. Denne er barnehagen sine verdiar og pedagogiske fundament og som skal ligge til grunn for utarbeiding av årsplan

Årsplan: Ut ifrå vår verdiplan, som byggjer på rammeplanen, lagar barnehagen i samarbeid med foreldre ein årsplan for 2023- 2024.

Mål og kvalitet for beste praksis: Barnehagen sitt dokument for personalet for å ivareta og sikre at ein har same mål og kvalitetar for beste praksis i vår barnehage.

Kvar avdeling utarbeider pedagogiske planar som byggjer på årsplanen for barnehagen. Planane er ikkje tidfesta, men nedfelt som ein "pedagogisk bank" ein nyttar i samspel med borna sine interesser og på bakgrunn av observasjonar. Slik byggjer vi læring som støttande stillas (Vygotskij) dvs. Vi tek utgangspunkt i det borna er interesser i/ deira styrke og byggjer på dette i det pedagogiske arbeidet. I informasjon til foreldre vil vi i samarbeid med borna gjennom samtale/ observasjon, dele vår evaluering av tida som har gått. Her vil vi vurdere metodane vi har nytta, kva borna har erfart og kva vi vil ha fokus på framover.

Glimt : Siste torsdag i månaden vil avdelingane sende ut ei evaluering frå siste månaden med frampeik til foreldra om kva som ska skje framover.

Instruks for tryggleik, organisering og ansvar: Denne beskriv arbeidsrutiner, ansvarsoppgåver og prosedyre for personalet. Her under kjem beredskapsplanar barnehagen har for oppfylgjing i høve HMS for arbeidsmiljølov, brannvern og miljøretta helsevern.

Kvalitetsperm: kvar avdeling vil utarbeide beste praksis for kvardagsaktivitetane og organisering på avdelinga. Dette for å kunne ivareta felles og lik pedagogisk praksis samstundes som ein får progresjon for leik, sosial kompetanse, språk, fagområder og kvardagsaktivitetar i høve det alderstrinn ein har på avdelinga. Ein skal då byggje det organisatoriske arbeidet på mål og kvalitetsplanen. Kvalitetsheftet er også ei vidareføring av Tryggleiksinstruks og inneheld difor avdelinga sine HMS rutiner, ansvarsoppgåver og organiseringar.

Kontakt pr. telefon, Vigilo: Vi vil prioritere å ha gjensidig telefonkontakt i kvardagen om det skulle vere noko. Frå hausten startar vi opp med nytt oppvekstadministrativt system som skal erstatte Edlevo. Informasjon og meldingar til barnehagen via Vigilo bør kome inn seinast til klokka 9.30 den aktuelle dagen. Om ikkje får ein ringe og gi beskjed om det skulle vere noko.

Informasjon, Verdiplan og Årsplan vert lagt ut på heimesida til barnehagen. Glimt vert sendt ut i Vigilo til foreldre.

17. Foreldresamarbeid

Kvaliteten på samarbeidet mellom foreldre/føresette og barnehagen er grunnleggande for barnets beste og for korleis ein kan oppnå gode vilkår for barnehagen sin
formålsparagraf: *"barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmuligheter i nær forståelse med barnas hjem"*. Dette ynskjer vi å sikre gjennom:

Foreldresamtalar:

Basere samarbeidet på openheit og gjensidig tillit med barnet sitt beste som fokus. Barnehagen vil gjennomføre foreldresamtale om vår og haust. I tillegg er det oppstartsamtale i forkant av tilvenningsperiode for nye barn i barnehagen. Vi ynskjer at både mor og far er med på foreldresamtalen I tillegg kan føresette og barnehagen ha ekstra møter ved behov. Personal og foreldre informerar kvarandre tidleg og i samarbeid finn tiltak for barn som vi opplever står i utfordring.

Foreldreråd:

Alle foreldre i barnehagen er med. Foreldrerådet er det formelle organet som skal gi alle foreldre medverknad . Foreldrerådet skal fremje fellesinteresser frå foreldra og vere med på å skape eit godt samarbeid mellom foreldregruppa og dei tilsette.

Foreldrearbeidsutvalg (F.A.U):

Foreldrerådet vel eit arbeidsutval (FAU) med 2 (eit medlem og ein vara) frå kvar avdeling som skal representere alle foreldra i barnehagen/ foreldrerådet. FAU skal vere eit kontaktskapande organ som legg til rette for aktivitetar for foreldre, mellom foreldre-barn og personale og organisere og delegere oppgåver til foreldrerådet som er med på å fremje barna det fysiske nærmiljø ute i barnehagen, men også inne ved behov. Arbeidsoppgåver i FAU er nedfelt i eit årshjul:

August/ september:

- Val av FAU og SU
- Forventningar og ansvar
- Fordelinga av arbeidsoppgåver:
 - Haustdugnad, organsiering
 - Vår dugnad, organisering
 - Barnehagefesten, organisering
 - Sommarfesten juni, organisering

Oktober:

- Dugnad
- FORUT- aksjon , innsamling til barn i andre land
- Dialog-kafe

Januar/ Februar :

- Dialog-kafe
- Byrje planlegging av barnehagefest, kva skal innsamling gå til? Kven gjer kva?

Mars

- Barnehagefesten på barnehagedagen

April/ Mai:

- Dialogkafe
- Evaluering

Samarbeidsutvalg(S.U):

To av representantane i AU representerer foreldra i SU. Leiar i FAU er nestleiar i SU, medan den andre representanten er leiar. Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande og samordnande organ. Medlemane er foreldre (2 personar frå FAU), tilsette (1 pedagog og 1 assistent) og eigar (Politisk representant frå kommunestyret og vara). Styrar stiller som sekretær. Samarbeidsutvalet skal ta vare på samarbeidet mellom barnehagen og foreldre, og fastsette årsplan for den pedagogiske verksemda. SU lagar ein møteplan og har 4 møter i året.

T

Foreldremøter:

Det vert kvar haust i august/september foreldremøte med informasjon frå barnehagen og valg av foreldreråd.

Dialogkafe:

Dette er noko nytt vi ynskjer å starte opp med frå hausten. Vi ynskjer å samle foreldre og la dei i grupper drøfte ulike viktige tema som foreldre og barnehagen er opptatt av dette for å støtte foreldre i rolla, gi informasjon og sikre inkludering/ motverke mobbing.

Dagleg kontakt, telefonkontakt

VIGILPO er nytt oppvekstadministrativt system frå 1.august Her vert det utveksla daglege og korte beskjedar mellom foreldre/ føresette og personalet. Gjennom vigilo kan ein melde inn ferie, fridagar, kalle inn til foreldresamtalar og gi informasjon om kva som skal skje i barnehagen.

Evaluerings: Barnehagen nyttar foreldreundersøking i UDIR som vert sendt ut i okt/nov/des kvart år.

18. Tverrfagleg samarbeid

Mork skule:

Samarbeid SFO, fast besøksdag - samarbeid og eigen plan for overgang barnehage til skule. Ved særskilde behov til enkeltbarn; tidleg møte mellom barnehage og skule.

Høgskulen i Volda:

Pedagogar i barnehagen er øvingslærarar og vil i periodar ta imot studentar frå førskulelærarutdanninga i Volda.

Ørsta vidaregåande skule:

I periodar har vi hatt lærling frå barne- og ungdomsarbeidar-utdanning og elevar som skal ha praksis.

NAV:

Vi har gode erfaringar med arbeidstakarar som har arbeidspraksis i barnehagen.

Helsestasjonen:

Barnehagen har eigen kontaktperson og i samarbeid med foreldre kan ein ta opp saker vedr. barnets helse.

PPT (Pedagogisk-psykologisk teneste):

Barnehagen har eigen kontaktperson (Marit Hovdenakk). PPT er eit tilbod til foreldre og barnehagane om rettleiing, observasjon av enkeltbarn/gruppe og ev. tiltak. PPT kan etter løyve frå foreldre skrive tilråding om ein ev. meiner barnet bør ha spesialpedagogisk hjelp og støtte i barnehagen.

BUP (Barne og ungdomspsykiatri):

Av og til treng foreldre og barnehagen hjelp utanfrå for å kunne nå/ forstå barn som står i utfordring av ulike grunnar.

Logopedtenesta i Volda:

Før barnet når skulestart kan det vere behov for logopedteneste som kan trene barnet på talespråk. Logoped i Volda kommune er Torill Hoddevik.

Barnevernet:

Barnevernet skal gi barn, unge og familiar hjelp og støtte når ein står i utfordring i heimen. Barnehagen har eigen kontaktperson (Tonje Frøysa). Det er foreldre som har ansvar for å gi sine barn omsorg, men om ein ikkje får det heilt til, skal barnevernet hjelpe til slik at barn og unge får omsorg, tryggleik og utviklingshøver. Ved bekymring (u. vald), vil vi raskt ta opp dette med foreldre.

Fysioterapeut:

I tilfelle kan foreldre og personale vere usikre mht. utfordringar i høve barns motorikk. Ein kan då tilvise til fysioterapeut om å kome for å observer, sjekke og ev. gi rettleiing

Kommunepsykolog:

I tilfelle der ein er bekymra for barns psykiske helse, treng råd, rettleiing, kan ein i samarbeid kontakt kommunepsykolog.

Team/ koordinerings-møter:

Eit lavterskeltilbod som barnehagen nyttar der ein kan møtast å drøfte/ vurdere saker der barnehagen/ foreldre er bekymra/ eller undrar seg over barnets atferd/ utvikling/ omsorgssituasjon. **Ressursteam:** Møter på helsestasjonen siste torsdag i månaden.

TSG (Tverrfagleg samahandlingsgruppe)

4 gongar i året har ein møter der ein drøftar saker som omhandlar korleis vi kan betre vårt arbeid og fokus på systemnivå for å skape gode samanhengar og inkludering i barns liv.

Korleis kan foreldre og vi vere det gode laget rundt og for barnet?



På bilete f.v: Ruxandra Raudøy (spes.ped.koordinator), Nina Vedeld Telseth (styrar), Monica Ertesvåg (Rektor Mork skule), Nina Ullaland (Barnevern), Marit Hovdenakk (PPT), I front: Palma Kristin Håvik (Helsestasjonen)

19. Overgongar og samanhengar i barns liv

Tilknyting i nære relasjonar har betydning for barnets trivsel, utvikling og psykiske helse. I overgang mellom ulike faser i livet er barn særskilt sårbare og treng både tid og rom for å vert trygg og kjend. Vi har vi kvalitetssikra dette gjennom rutinar i overgang:

Heim-barnehage:

- Eigen plan for besøksdagar/ foreldrestyrt tilvenning og oppstart i barnehagen. Besøksveke i juni der avdeling er tilgangeleg for nye barn og foreldre frå klokka 9.45-14.15. I denne veka er det også avvikla foreldresamtale for nye foreldre med pedagogiske leiar.
- Informasjon og rettleiing for foreldre og personale høve oppstart i barnehagen. Styrar kallar inn til foreldremøte for nye foreldre i besøksveka. Helsestasjon er også med.
- Kontaktperson for barnet og foreldre den fyrste tida.
- Tett samarbeid med helsestasjon der det skulle vere behov.

Barnehage- annan barnehage:

- Skrifteleg samtykke frå foreldre som har barn som skal bytte barnehage; skrifteleg informasjon om barnet vert sendt til ny barnehage.
- Oppstarts-samtale og besøksdagar i forkant av oppstart og invitasjon til besøksveke i juni.

Avdeling- ny avdeling i barnehagen:

- Organisering av besøksdagar i høve overgang frå ei avdeling til ei anna avdeling. Besøksveke der borna er på besøk ei heil veke på ny avdeling i juni.
- Møte mellom pedagogiske leiarar med fokus på overføring av informasjon vedr. barnet i forkant av oppstart.

Overgang barnehage- skule

- Skrifteleg samtykke frå foreldre slik at skrifteleg informasjon om barnet vert vidare sendt til ny barnehage. Der er eigen plan i Volda kommune for overgang barnehage-skule, sjå heimeside til barnehagen og ein utvida plan for overgang vedr. barn med særskilde behov.
- Barna som går siste året i barnehagen har «Trollklubb» der dei samlast til felles tur og gruppeaktivitetar to gongar i veka. Vi skal ha eit særskilt fokus på samhald og inkludering det siste året i barnehagen og har fleire aktivitetar der førskuleborna er samla bl.a. symjing, påskevandring, julegudsteneste, lucia-tog, møter mm.

GODE RELASJONAR BASERT PÅ TILLIT OG ÅPENHEIT.

Alle overgongar i barns liv krev eit nært og tett foreldresamarbeid som må vere basert på tillit og openheit. Barnehagen ynskjer lav terskel for bruk av team og koordineringsmøter i tett samarbeid med foreldre. Fokuset ligg då heile tida på tidleg innsats for barnets beste. **Vi skal vere laget rundt og for barnet.**

Nyttige lenker:

- **Lover og foreskrifter:**
<https://lovdata.no/sok?q=barnehage>
- **Informasjon, vedtekter og pedagogiske planer:**
<https://www.volda.kommune.no/mork-barnehage/>
<https://www.facebook.com/Morkbhg/>
- **Forsking**
<http://www.nordiskbarnehageforskning.no/>
<http://www.barnehage.no/>
- **UDIR barnehage, informasjon om rammeplan, fagområder mm.**
<https://www.udir.no/utdanningslopet/barnehage/>

